

## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 07.11.2018**Til:** Fylkesutvalet, møte 21. november 2018**Frå:** Fylkesrådmannen

### Arbeid mot svart økonomi, sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Seriositetskrav i bygge- og anleggskontraktar

#### Innleiing

Det norske samfunnet står ovanfor store og nye utfordringar gjennom ein meir open og globalisert økonomi. Bygge- og anleggsbransjen, som omset for store verdiar, merkar dette spesielt og vert vurdert som ein bransje med høg risiko for at kriminelle handlingar knytt til arbeidsliv og svart økonomi førekjem. Dette gjer bransjen sitt arbeid mot sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og svart økonomi svært viktig.

Fylkesrådmannen ynskjer med dette å gi ei kort orientering om korleis vi arbeider med dette temaet innan bygge- og anleggskontraktane spesielt, men og med omsyn til at vi no er i ein fase der tilpassingar til nye Vestland fylkeskommune og må gjerast.

Det vert og vist til FT-sak 39/2018 med vedtatt innkjøpsstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune. For å sikre krav til miljø, menneskerettar, arbeidsvilkår og andre samfunnsomsyn skal fylkeskommunen stille krav knytt til sosial dumping i relevante innkjøp. Vedtaket omhandlar og krav om at leverandørane skal være lærebedrift og tilby lærlingeplassar.

#### Fleire initiativ på området

Det er dei siste åra teke mange initiativ på området for å avgrense kriminelle handlingar ifbm. offentlege innkjøp og gjennomføring av bygge- og anleggskontraktar. Døme er «Skiens-modellen», «Oslo-modellen» og ikkje minst Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Byggenæringens landsforbund (BNL), KS og Fellesforbundet sitt arbeid med spesielle seriositetskrav for bygge- og anleggskontraktar. Seinast var det no i haust (10.09.18) lansert ein eigen «Veileder om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter».

Organisasjonen Samarbeid mot svart økonomi (SMSØ) har og i mange år arbeidd med å redusere svart økonomi på ulike satsingsområde. Store samfunnsaktørar som KS, LO, NHO, UNIO, YS og skatteetaten har i sitt arbeid i SMSØ utarbeida ti strategiske grep for å hindre svart økonomi og arbeidslivskriminalitet (jf. vedlegg).

1. TA ET KLART STANDPUNKT
2. RETT INNSATSEN INN DER RISIKOEN ER STØRST
3. GÅ KONKRET TIL VERKS
4. BEGRENNS ANTALL LEDD I KONTRAKTSKJEDEN
5. SETT KRAV TIL FAGKUNNSKAP
6. VIT HVEM SOM ARBEIDER FOR OSS
7. VIT HVEM VI BETALER TIL
8. KREV INNSYN I RELEVANTE SKATTEOPPLYSNINGER
9. GJENNOMFØR KONTROLLER
10. BRUK DEI GODE VERKTØYA SOM FINNES

Sogn og Fjordane fylkeskommune har engasjert seg i dette arbeidet i fleire år. Bygge- og eigedomssjefen og/eller innkjøpssjefen deltek på samarbeidsmøte i SMSØ der ulike tiltak, fokusområde og kampanjar vert både planlagt og gjennomført.

### **Bygge- og eigedomstenesta - innkjøp og gjennomføring**

Bygge- og eigedomstenesta gjer årleg store innkjøp knytt til bygge- og anleggskontraktar, og har dei siste åra arbeidd med å implementere gode rutinar med omsyn til innkjøp og dei krav som vert stilte til miljø, menneskerettar, arbeidsvilkår og andre samfunnsomsyn i bygge- og anleggskontraktar over nasjonale terskelverdiar. Grunnlag for å stille krav til tilbod og gjennomføring av kontraktane er lagt i eit eige kvalitets-sikringssystem (FEF KS system) for prosjektgjennomføring. Systemet er nytta av fleire fylkeskommunar og er i prinsippet ein dokumentdatabase der ein skal utarbeide ein eigen KS-plan for kvart prosjekt, herunder dei aktuelle seriøsitetskrav.

### **Seriøsitetskrav og våre prosjektrutinar**

Ei rekkje krav vert lagt til grunn i dei ulike prosjektfasane og i innkjøps- og gjennomføringsprosessane og det er utfordrande å tilpasse å fylgje opp det relativt omfattande arbeidet som er naudsynt på desse områda. Her er både klare forskriftskrav som gjeld, tilrådde krav frå ulike interesseorganisasjonar/fagmiljø og eigne krav som vert stilte.

Vårt utgangspunkt har vore, og er, dei tilrådde seriøsitetskrav som Fellesforbundet, BNL, KS og Difi stå saman bak. Desse krava vart revidert seinast i juni 2018 og under er dei i kortversjon refererte:

## Seriøsitetsbestemmelser i bygge- og anleggskontrakter

1. **HMS-kort**  
Alle arbeidstakere skal bære lett synlig et gyldig HMS-kort utstedt av Arbeidstilsynet.
2. **Pliktig medlemskap i leverandørregister**  
Leverandøren skal ved kontraktsinngåelse oppgi StartBANK ID eller fremlegge kopi av registreringsbevis fra StartBANK eller tilsvarende leverandørregister som inneholder oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon.
3. **Krav om faglærte håndverkere**  
Ved utførelsen av kontraktsarbeidet skal minimum **40 %** av arbeidede timer innenfor bygg- og anleggsgagene (de fag som omfattes av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk samt anleggsgartnerfaget) samlet utføres av personer med fagbrev, svennebrev eller dokumentert fagopplæring i henhold til nasjonal fagopplæringslovgivning eller likeverdig utenlandsk fagutdanning.
4. **Lærlinger**  
Det er et krav at leverandører er tilknyttet en lærlingordning og at en eller flere lærlinger deltar i utførelsen av kontraktarbeidet innenfor bygg- og anleggsgagene, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter. Ved utførelsen av kontraktsarbeidet skal minimum **7 %** av arbeidede timer innenfor bygg- og anleggsgagene samlet utføres av lærlinger, jf. opplæringslova § 4-1.
5. **Rapporteringsplikt til Sentralskattekontoret for utenlandssaker**  
Kontrakt gitt til utenlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakere på slik kontrakt, skal rapporteres til Sentralskattekontoret for utenlandssaker i henhold til lov om skatteforvaltning § 7-6.
6. **Internkontroll. Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA)**  
Leverandøren skal følge den til enhver tid gjeldende arbeidsmiljølov med tilhørende forskrifter, byggherrens SHA-plan og byggherrens eller koordinators anvisninger. Leverandøren plikter å ha et internkontrollsystem iht. forskrift om systematisk helse- miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter.
7. **Krav til lønns- og arbeidsvilkår**  
Leverandøren er ansvarlig for at egne ansatte, ansatte hos underleverandører (herunder innleide) har lønns- og arbeidsvilkår i henhold til:
  - Forskrift om allmenngjort tariffavtale.
  - Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne kommer til anvendelse.
8. **Bruk av underleverandører, herunder innleid arbeidskraft**  
Leverandøren kan ikke ha flere enn **to ledd** underentreprenører i kjeden under seg, jf. anskaffelsesforskriften § 8-13 og § 19-3/ forsyningsforskriften § 7-8.
9. **Krav om betaling til bank**  
Lønn og annen godtgjørelse til egne ansatte, ansatte hos underleverandører og innleide skal utbetales til konto i bank. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.
10. **Mislighold av kontraktsforpliktelser - konsekvenser for senere konkurranser**  
Brudd på pliktene i denne kontrakten vil bli nedtegnet og kan få betydning i senere konkurranser, enten i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen i overensstemmelse med regelverket for offentlige anskaffelser. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.
11. **Revisjon**  
Byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføre revisjon hos leverandøren og eventuelle underleverandører i perioden fra kontraktsinngåelse til slutfaktura er betalt for å undersøke om kontraktens krav blir oppfylt. Denne adgangen omfatter også kontrakter og dokumentasjon i underliggende ledd. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

Dei sentrale punkta i ovannemnde seriøsitetskrav er no innarbeidde i våre KS rutinar og vil ligge til grunn i større bygge- og anleggsprosjekt i fylkeskommunal regi. Vi ber om at det spesielt vert lagt merke til:

- Krav om at **40%** av arbeidde timar skal være av faglærde (pkt. 3)
- Krav om at min. **7%** av arbeidde timar skal være av lærlingar (pkt. 4)
- Maksimum **to ledd** underentreprenørar (pkt. 8).

Dette vert sett på som sentrale punkt for gode arbeidsvilkår og i arbeidet mot arbeidslivs-kriminalitet. Dei ulike «modellane» som vert brukte kan avvike noko, men som offentleg aktør er det viktig, og rett, å fylgje opp det dei største organisasjonane i bransjen har samla seg om.

Det skal ikkje leggst skjul på at det både er utfordrande å ressurskrevjande å fylgje opp desse krava fullt ut gjennom kvart prosjekt. Dette er vi i Sogn og Fjordane ikkje åleine om. Fleire fylkeskommunar slit med denne utfordringa og det er naudsynt at vi har meir fokus på kontrollar på dette området i framtida.

Bygge- og eigedomstenesta arbeider for tida saman med innkjøpstenesta og samferdsle-avdelinga med på lage felles rutinar for m.a. oppfylging av seriøsitetskrava. Grad av oppfylging vil vere basert på ei overordna og konkret risikovurdering. Dette er eit arbeid vi nærast ser på som ein pilot som vi vil ta med inn i arbeidet med den nye Vestland fylkeskommune og dei nye felles rutinane vi skal utarbeide.

### **Samarbeid Skatt Vest**

Eit anna tiltak for å sette større fokus på kontroll og etterleving av seriøsitetskrava er tettare samarbeid mellom offentlege etatar. I den samanheng har vi starta ein dialog med Skatt Vest om å få plass ei samarbeidsavtale om forsterka innsats mot arbeidslivs-kriminalitet. Får vi dette til, vil avtalen gjelde informasjonsutveksling i samband med større byggeprosjekt. I hovudtrekk går dette ut på at vi gjennom konkurransedokumenta krev fullmakter til å hente informasjon slik at vi kan gjennomføre informasjonsutveksling med skatteetaten. På denne måten kan leverandørar og deira tilsette bli verifiserte med omsyn til skatt og avgifter, registreringar i lovpålagde register, mm.

### **Hordaland Fylkeskommune – Nye Vestland fylkeskommune**

Eigedomsavdelinga i Hordaland fylkeskommunen gjennomfører i dag prosjekta sine med grunnlag i same KS systemet som vi gjer i Sogn og Fjordane. I tillegg har dei gjennom eit økonomiplanvedtak konkret teke stilling til å nytte «Oslomodellen» i sine prosjekt-gjennomføringar.

Denne modellen er ikkje svært avvikande frå det vi i dag har i Sogn og Fjordane gjennom DIFI sine seriøsitetskrav, men den går lengre på m.a. å stille krav om 50% faglærde arbeidstimar, min. 10% lærlingetimar og maks eit ledd underentreprenørar.

I prosessen med samanslåinga til Nye Vestland fylkeskommune arbeider vi no saman med eigedomsavdelinga i Hordaland m.a. med å samkøyre regelverk og rutinar.

Fylkesrådmannen finn det difor ikkje tenleg no å bringe fram for vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune spesifikke krav el. rutinar knytt til ein spesiell «modell» når vi likevel skal samordne dette i ein ny organisasjon.

### **Oppsummering**

Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med dette viktige temaet slik dette notatet gjer greie for. I hovudtrekk er dette knytt til:

1. Difi sine seriøsitetskrav vert nytta i gjeldane kvalitetssystem i prosjekta
2. Vi nyttar SMSØ sine strategiske grep i vårt arbeid mot svart økonomi
3. Vi vil søke eit auka fokus på kontrollar og oppfylging
4. Vi vil samarbeide med Hordaland fylkeskommune for å legge til rette gode rutinar på dette området i nye Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen ser dette arbeidet som ei operasjonalisering av vedteken strategi. Arbeidet vert vidareført i samanslåingsprosessen der målsettinga vil være å legge fram nye og samla rutinar omkring bygge- og anleggskontraktar.

#### Vedlegg

- Strategiske grep og seriøsitetskrav.